

Ettersommar

Av Tore Ørjasæter

Med lengting i langtøygde
ettersomrar,
den komande store andestille
hausten opnar
sin svale famn.
Og kvelver sin himil
skinande skyfri
september-klår
ut mot dei ytste
augneleite
som tøygjer seg lenger
enn auga når.
Det tindrar skirt
ifrå stjernom store
dei er som levande
sendebod
ut ifrå fjerre løyndeheimar.

Stilt er i huset
og hugen no.
Det gjekk so lenge
med klår-kvelvde himmel
og høg fjells ro.

Er det vel kome
ei vending no
med året som atter
hallar til endes
og sloknar ned
mot det nye året
i alders ro.

Or samlingi *Ettersommar* (1953).

I dette nummeret:

Ivar Aasen:	<i>Prøver af Landsmaalet i Norge</i> 150 år	s. 2
Rolf Theil:	Afrikanske målætter	s. 2
Klaus Johan Myrvoll:	Norskfaget etter universitetsreformi	s. 3
Magne Myhren:	Ivar Aasen på leit etter rettskriving	s. 5
Tore Lund:	Spanande reportasje frå Jesu samtid	s. 7
Klaus Johan Myrvoll:	Ny teori um samkynet i bergensk	s. 8
K. E. Steffens:	Ei dotter om André Bjerke	s. 9
Lars Bjarne Marøy:	Riksmålstriumf og nynorske tøkedottar	s. 10
Johannes Gjerdåker:	Islenske dikt på fire linor	s. 12
Lars Bjarne Marøy:	Glimt frå den britiske saga	s. 13
Jon Bleie:	Korleis eg vart bokven (2)	s. 14
Viktor Galeski:	Dikt um draumar	s. 15
Ole Jakob Totland:	Samnorsken er daud – live samnorsken!	s. 16

Prøver af Landsmaalet i Norge 150 år

Den 20. juni var det 150 år sidan Ivar Aasen sende ut *Prøver af Landsmaalet i Norge*, som vart byrjingi for det nynorske litteraturmålet. Forutan 32 tekster på ymse bygdarmål inneheldt boki 16 «Prøver af et almindeligt Landsmaal», som Aasen sjølv kalla det. Her kjem han med det fyrste heilskaplege framlegget til ein skriftnormal for nynorskt mål.

Til døme på desse fyrste tekstene på landsmål prentar Målmannen her tri småe stykkje som Aasen gav yverskrifti «Hermingar» – anekdotar. Sjå elles stykkjet «Ivar Aasen på leit etter rettskriving» av Magne Myhren annan stad i bladet.

* * *

Ein Stor-leting

Da var ein Herremann, som hadde leigt seg tie Arbeidsmänner, og dei var so late, at dei gjorde inkje til Gagns. So var da eingong han kom yver dei, daa dei hadde lagt seg til aa sova alle ihop; daa vakte han dei upp og sagde til dei: «Da skulde vera Moro aa vita, kven som er største Letingen av dikkor; dan som no kann visa, at han er dan lataste, han skal faa ein Dalar.» Daa var dei nie, som rette upp

Handi og vilde taka imot Dalaren; men dan tiande sagde berre: «Stikk han i Vestefikka mi.» Da var rett», sagde Herremannen, «du maa væl vera dan beste, som inkje eingong idest bera upp Handi.»

Ein Knipar

Da var ein Mann, som skulde gera Dugnad, og han hadde ei stor Sut fyre all dan Maten, som skulde ganga til; fyre han var so nauv og smaahjartug av seg. Daa Gesterne var komne til Bords, so aat han sjølv berre ein Grand, og so heldt han upp og tenkte, at hine skulde gera da same; men dei gav seg goda Tider og heldt paa eta rett munarlege. Daa vart Mannen reint forskræmd, og so ropade han til Keringi: «Kom hit og et, du ogso; du ser no, at da geng til likevæl.»

Ein fyndarleg Søkna

Einstad var da ein Mann, som skulde skriva eit Bønarbrev til Fatig-Kommissionen fyre ein Husmann, som da sto ille til med paa mange Maatar. Han sat lengje og grundade paa, kor han skulde stila Brevet, men han visste inkje aa faa da til,

so da kunde høva. Daa var dar ein Dreng inne, og han baud seg til aa stila Søkna den; han meinte, da var eit vandelaust Verk og slett inkje verdt aa gera seg nokot Hovdebrot fyre. So bad han Husbonden skriva:

Her bur ein Mann upp i Aasen:

Han eig inkje Ku paa Baasen,
alle Ungarne liggja i Krilla,
og han hev' ikje Sengklæde-Filla;
inkje hev' han Gryta, inkje hev han
Fat,
inkje hev han Skeid og inkje hev han
Mat;
og fær han inkje nokot av Kassa,
so døyr baade han og Tassa.

Merknader

Hermingar: Anekdoter. *Leting* (aab. *e*), lad Person. Ordet «*Arbeid*» er rigtignok uægte, men bruges overalt og er vanskelig at undgaae. – *Dugnad* er en sammenkaldelse af mange Folk til et Arbeide, og tillige et Gjæstebud i Anledning deraf. – *Krilla* er det søndenfjeldske Navn på Meslinger; paa andre Steder hedder det: Krægda. – *Tassa*, et Øgenavn for Konen.

Afrikanske målætter

Av Rolf Theil

Afrika er den næst største verdsdelen – berre Asia er større. Han er 8000 km lang frå nord til sud og 7500 km breid frå aust til vest. Ved tusundårsskiftet budde det 800 millionar menneske i Afrika, og dei talar 2000 ulike mål – eller 30 % av alle mål på jordi. Til jamføring vert berre 3 % av verdsens mål tala i Europa.

Joseph H. Greenberg

Mange målgranskarar meiner dei afrikanske måli høyrer heime i fire målætter: afroasiatisk, nilosaharisk, nigerkongo og khoisan. Det er den amerikanske målgranskaren Joseph H. Greenberg som stend attum denne firebolkingi, som han lagde fram i boki *The Languages of Africa* frå 1963. Greenberg er millom dei mest vidgjetne av nolivande målgranskarar, og er ikkje berre kjend for arbeidet sitt med målætter og målskyldskap yver heile verdi, men au for den grunnleggjande og nyskapande arbeidet sitt med måltypologi – korso mål likjest kvarandre og skil seg frå kvarandre i oppbygning.

Sjølv hev eg møtt Greenberg éin gong, då han heldt opningsfyredraget på ei stemna for afrikansk målgransking i Santa Monica i California i 1995, i høve åttiårsdagen sin. Han tala då um det han kallar *mass comparison* eller *massejamføring*, nokre svært umstridde greidor som likevel var viktugaste metoden hans i arbeidet med å samla dei afrikanske måli i fire ætter. Me kann hava mange meiningar um kor alvorleg me skal taka arbeidet åt Greenberg, men sjå burt ifrå det kann me ikkje.

Afroasiatisk

Det finst ikring 170 afroasiatiske mål. Namnet *afroasiatisk* skriv seg frå Greenberg, som totte det var høvelegare enn det gamle hamitto-semittisk. Namnet afroasiatisk fortel oss at måli vert tala både i Afrika og Asia. Nemningi hamitto-semittisk kann få oss til å tru at ætti hev tvo greiner, hamittisk og semittisk, men ætti hev fleire greiner attåt semittisk, og desse greinene utgjer ingen einskap andsynes semittisk. Greenberg klauv ætti inn i

semittisk, egyptisk, berbersk, tsjadisk og kusjittisk, men fåe år etter at boki hans kom ut, vart nokre mål som dei tidlegare trudde var kusjittiske, skilde ut i ei sette grein, omotisk. Greenberg meinte au nemningi hamitto-semittisk var rasistisk, av di ho laga eit skil millom «kvite» semittar og «svarte» hamittar.

Semittisk er den best kjende greini, og her finn me hebraisk, arabisk og amharisk millom um lag 50 mål. Upphavleg vart semittisk tala på Den arabiske halvøyi og upp til Den grøderike halvmånen, men folk som tala sudsemittisk utvandra tidleg til Etiopia, og arabisk kom til Nord-Afrika på 600-talet med tilhengjarane av den nye islamske religionen. Då arabisktalende muslimar frå Den arabiske halvøyi kom til Nord-Afrika, møtte dei folk som tala egyptisk og berbersk.

Egyptisk er målet dei gamle egyptarane hadde tala i yver 4000 år. Målet gjekk i det kristne Egypt under namnet koptisk, og vart skriva med det greske alfabetet. Koptisk bukka under som

Framhald på s. 4 ...

Norskfaget etter universitetsreformi

Av Klaus Johan Myrvoll

Til hausten vert ei vidfemnande studie-reform sett ut i livet på høgre lærestader i Noreg. Studietidi vert skori ned med eitt år i høve til dei gradane me hev i dag, anten ein skal verta *bachelor* (3 år) elder *master* (5 år). Til vederlag er det meiningi at studentane skal lesa meir den tidi dei er på universitetet, og dei skal skriva meir og få tettare oppfølging på vegen. Det er i alle fall planen.

Umgjerdi kjem til å få fylgjor for den faglege samansetjingi òg. Frå no av skal ikkje studentane høyra inn under ulike *fag*, men fylgja ulike *studieprogram*, t.d. språkprogrammet, litteraturprogrammet elder historieprogrammet, for å nemna nokre døme frå HF-fakultetet i Oslo. Det tyder i mange høve eit framhald av dei fagi me hev i dag, soleis at eitt gamalt fag svarar til eitt nytt program. Det er t.d. tilfellet med historieprogrammet. I andre høve hev dei laga nye innbolkingar, og ei viktug «nyvinning» her med umsyn til humaniorafagi er at dei språklege og literære disiplinane som i lag dana fag som norderlendsk, tysk elder fransk, no vert splitta upp og lagde til kvar sine program, i minsto på universiteti i Oslo og Bergen. Både i Trondheim (NTNU) og Trumsøy hev dei skipa eit samla språk- og litteraturprogram, den siste staden attved eigne språk- og litteraturprogram som i Oslo og Bergen.

Det er både fyremuner og ulempor med den oppkljuvingi me fær i Oslo og Bergen. Dei som fyrst og fremst er opp-tekte av forskingi, vil leggja vekt på at studieskipnaden no kjem meir på lina med forskingsrøyndomen: Det er ei god stund sidan fleirtalet av dei vitskapleg tilsette på språkfagi var *filologar* i ei breid tyding av ordet; når ein ser nøgnare etter, er det eit stort òp millom t.d. norderlendsk målvitenskap og norderlendsk litteraturvitenskap i dag. I staden for det mange tykkjer er ei «kunstig» samstilling av språk og litteratur, kann studenten no frå fyrste stund samla seg um det han er mest forviten etter og kann koma til å forska på seinre.

Andre vil meina at dette er ei ulempa, med di dei nye filologane (um ei slik nemning kann forsvarast) kjem til å få ei mykje smalare daning og orientering. Det vert vanskelegare å fokusera på dei skjeringspunktj som faktisk finst millom språk og litteratur. Eit språk, ikkje minst ein skriftmålstradisjon, heng uløyseleg saman med den litteraturen som er skriven på dette språket, og ein student kann

aldri få skapleg innsyn korkje i språket elder litteraturen utan å studera bae. Dette gjeld ikkje minst framandspråk, der lesing av litteratur er ein viktug lut av det å eigna til seg språket og få retteleg grip um den språklege røyndomen. Og motsett: Ein kjem ikkje langt i litteraturgranskingi um ein ikkje meistrar språket og noko grunnleggjande grammatikk; jamvel ei innføring i målsoga kjem godt med.

Ei annor ulempa, som heng saman med den fyrre, er at ein grad innanfyre anten språk- elder litteraturprogrammet i mange tilfelle kjem til å eigna seg dåleg til arbeid i skulen. Dei fær berre eine helvti av dei tradisjonelle skulefagi i ballasten. Her hev framandspråksfagi i Oslo trygt seg ved å krevja at dei som tek 80 studiepoeng i t.d. tysk litteratur (det er det omfanget som krevst av «hovudfaget» i ein *bachelor*), lyt taka 40 poeng i tysk språk òg. Men innanfyre det som kann henda er det viktugaste skulefaget, norsk, gjeld ikkje denne regelen. Det spyrst um ein kann lita på at studentar som kann koma til å søkja seg til skulen ein gong i framtidi, skal velja «klokt».

No finst det eit eige lærarprogram, med ei eigi norskfagleg lina der komponentar frå både språk og litteratur er sette saman på ein måte som skal rusta kandidaten til arbeid i skuleverket. Det er å vona at dei studentane som vert norsk-lærarar i framtidi, vel denne løysingi. Men det spyrst um ikkje mange som òg kjem til å hamna i skuleverket, vil velja etter interessa og søkja seg til ser-programmi. Studieval og arbeidsvoner gjeng ikkje allveg i hop, veit me.

I tillegg til denne oppkljuvingi i språk og litteratur skal studentane velja friare enn fyrr, soleis at dei vel emne som svarar til studium heilt ned til 1/3 semester. Det segjer seg sjølv at det vert vanskelegt å formidla nokon fagleg heilskap innanfyre ein slik bygnad. Studiekvardagen vert sundmolen og misser samanheng. Det er grunn til ottast for at fagleg refleksjon og spursmål som gjeld identitet skal verta sette til sides for stutte nytteumsyner.

Det er i det heile noko sogelaust yver den nye bygnaden. Den trauste nordisten som hadde kunnskapar i både gamalnorsk, målsoga, målføre og nyare grammatikk, og som attåt hadde vore gjennom heile den norske boksoga frå den norrøne diktingi og fram til i dag, vert i stor munburte. Sume vil kann henda ikkje tykkja at det er noko stort tap, men spursmålet er

Målmannen

Utgjevar:
Samorganet Målmannen

Tilskrift:
Målmannen
Postboks 49 Blindern
0313 Oslo

Bladstyrar:
Klaus Johan Myrvoll
Nedre Ullevål 9 – 322
0850 Oslo
klausjon@online.no

Tingar- og lysingsandsvarleg:
Olav Torheim
olafr@online.no

Grafisk utforming:
Olav Torheim
Lars-Toralf Storstrand
(rabbixl@frisurf.no)

Netstad:
maalmannen.sambandet.no

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291.14.45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

kva me fær i byte. Ikkje minst må ein spyrja seg korso denne uppsmuldring kjem til å slå ut for nynorsk språk og litteratur. Kjem den jamne litteraturstudenten til å lesa Aasen, Vinje og Garborg? Og kor mykje kjem det nynorske prosjektet til å verta tematisert i språkundersvisningi? Eit serskilt spursmål er korso det skal ganga med prøvingi av at studentane meistrar bae måli skriftleg, som til no hev vore ein sjølvsgd lut av grunn- og millomfaget på norderlendsk. Me fær tru at denne skipnaden vert vidareførd innanfyre både norderlendsk språk og litteratur.

Det er med andre ord mange skjer i sjoen når ein ser den nye studiereformi frå norskfagleg synsvinkel. Det vert mindre samsvar millom «universitetsfagi» norsk og skulefaget norsk, og me må berre vona at det vert sett krav um skikkelege kunnskapar innanfyre både språk og litteratur til lærarar i framtidi òg. Kjennskap til måltanken åt Aasen og den klassiske nynorske litteraturen må vera sjølvsgt.

Framhald frå s. 2:

talemål på 1500-talet.

Stroki frå Siwa-oasen i Vest-Egypt og til Atlanterhavet og frå Middelhavet til Mali og Niger hev frå gamalt av vore berbersk målvald. Yver fem millionar menneske talar berberske mål som *tamasheq*, *kabyrisk* (*taqbaylit*), *tarifit*, *tamazight* og *tashelhiyt*. Sjølv hev eg arbeidt noko med dei tri siste, og eg hev skrive ei kontrastiv norsk-berbersk mål-læra. Dei vert tala i Marokko, og er fyrstemålet åt mange nordmenn av marokkansk opphav.

I stroki ved Tsjadsjøen finn me den tsjadiske greini, med kring 140 ulike mål. Best kjent er *hausa*, med yver 33 millionar talarar. Eg hev halde kurs i dette målet på Universitetet i Oslo.

På Afrikas horn finn me tvo greiner av afroasiatisk attåt semittisk. For det fyrste dei kusjittiske måli, som *somali* og *oromo*; det finst dei som meiner kusjittisk er ein samnemnar for fleire målflokkar som kvar er ei grein på det afroastiske treet. For det andre dei omotiske måli; sjølv var eg i vetter tvo gonger i Etiopia og granska det omotiske målet *kafa*.

Nigerkongo

Dreg du eit strik gjenom Afrika frå Mauritania til Kenya, hev du grovt rekna nordgrensa for nigerkongo-måli. Mesta alle mål sunnanfor dette striket er nigerkongo-mål, undanteke *khoisan*-måli lengst nede i sudvest.

Nigerkongo er største målætti på jordi, med yver 1400 ulike mål. Det er 400 millionar menneske som talar desse måli. Greenberg klauv nigerkongo i sju hovudgreiner: *kordofansk*, *atlantisk*, *mande*, *gur*, *kwa*, *adamawa-ubangi* og *benue-kongo*, men i dag finst det ikkje nokor semja um talet på greiner.

Millom dei best kjende nigerkongo-måli er *bantumåli* – ein flokk med yver 400 medlemer, frå Kamerun i nordvest og Kenya i nordaust og ned til Sud-Afrika. Tidlegare trudde ein desse måli var ei viktug afrikansk målætt, men Greenberg synte at dei berre er ein utvokster på den bantoide kvisten av *benue-kongo*-greini av nigerkongo.

Dei *kordofanske* måli, tjuge mål i Nuba-fjelli i Sudan, vart tidlegare rekna for ei eigi målætt, men Greenberg viste at dei hev klåre nigerkongo-drag. Viktugast er alle dei grammatiske kyni, uttrykte gjenom fyrefeste og etterfeste som hev etymologiske motsvar i alle greiner av nigerkongo undanteke *mande*.

Adamawa-ubangi-måli finn me i Kamerun, Tsjad og Den sentralafrikanske republikken og i umkverve som grensar til desse landi. Alle dei andre greinene vert tala i Vest-Afrika. Det var Greenberg som slo fast at fulfulde, målet til eit stort nomadefolk som bur yver heile Vest-Afrika, er *atlantisk*.

Nigerkongo-måli er dei afrikanske måli eg kjenner best. Eg var på 90-talet den andsvarlege for fulfulde-studiet ved Universitetet i Oslo; fulfulde hev eg granska i Kamerun og Mali. Eg hev granska det bantoide målet *nizaa* medan eg hev vore i Kamerun og *bantumålet* *subiya* hev eg studera millom *namibiske* flyktningar i Zambia.

Nilosaharisk

Den nilosahariske målætti fann Greenberg upp, ved å samla i ei ætt alle mål i Afrika på nordsida av ekvator – yver hundrad mål frå Mali til Etiopia – som ikkje høyrde heime i målættene afroasiatisk og nigerkongo. Fremste kjennaren av nilosaharisk er amerikanaren Lionel Bender, som eg tidt hev høyrtd halda fyredrag um desse måli.

Største greinene av denne ætti er *nilotisk* og *saharisk*. Dei kring fyrti nilotiske måli vert, som namnet fortel, tala ved Nilen, frå austsida av Victoriasjøen og langt inn i Sudan. Kjende nilotiske mål er *dinka*, *nuer*, *turkana*, *maasai* og *karimjong*. Eg hev sjølv havt høve til å høyra og skriva ned nokre ord i ein *maasai*-landsby i Kenya.

Dei 4–5 sahariske måli vert tala kring Tsjadsjøen og langt inn i Sahara, heilt til Libya og Egypt. Størst er *kanuri*, eit spanande mål som er skildra i gode lærebøker.

Av andre viktuge greiner lyt me nemna *songhai*, som vert tala ved elvi Niger, frå Timbuktu i Mali og eit stykke inn i Nigeria, og *sentral-sudansk*, ein stor, innfløkt flokk med mål og målføre millom anna i sud-Tsjad og nordaust-Kongo. Noko av det nyaste Bender hev skrive um desse måli, viser til fulls kor veikt grunnlaget er for å samla alle desse måli i éi ætt. Eg meiner greinene ikkje likjest kvarandre meir enn *uralsk* og *indoeuropeisk*. Det var vel i røyndi bisnelegt um alle dei tvo tusund måli i Afrika – verds-luten der menneskja hev livt lengst – kunde samlast i fire ætter, utan at det vert nokon leivningar att, nokre «afrikanske *baskarmål*» eller *måløyar*.

Khoisan

I Sud-Afrika, Namibia, Botswana, Angola og tilgrensande strok hev det frå dei eldste tider butt folk som ikkje talar *bantumål*, i motsetnad til alle andre folk i denne luten av Afrika. Eit serkje ved desse måli er *klikkljodane*, og i 1950 orda Greenberg frampå um at dei høyrde heime i éi ætt, som han då kalla nett «*klikkmål*». Då europearane byrja slå seg ned i Sud-Afrika på 1600-talet, kann det ha vore yver hundrad av desse «*klikkmåli*», men i dag er det berre kring tretti att. Det tyder at dei fleste av desse måli var burte fyrr målgranskarane tok til å granska dei på ålvor.

Europearane klauv folki som tala desse måli i tvo flokkar, «*hottentottane*», som dreiv med krøter, og «*buskmennene*», som var jegerar og samlarar. I 1928 laga antropologen Leonhardt Schulze samnamnet *khoisan* for alle som tala «*klikkmål*», og dette namnet brukar no mange um både folki og måli. I dag segjer me helder *khoisan-mål* (slik Greenberg gjorde framlegg um i 1963) enn «*klikkmål*» eller «*hottentott-* og *buskmann-mål*», men namnet er i røyndi ikkje noko betre. Lekken *khoi-* kjem av ordet *khoë* 'menneske' på «*hottentott-*måli, medan *-san* kjem av *saan* (fleirtal av *saa*) det nedsetjande «*hottentott-*namnet på «*buskmennene*». «*Hottentottane*» kallar seg sjølve *khoekhoen* (fleirtal av *khoekhoe*), og det burde me au kalla deim. Men «*buskmennene*», det er mange ulike folkeslag som ikkje fortener den lagnaden å verta samla under eitt namn. *Buskmann* er ikkje noko verre enn *san*, og eg hev sjølv møtt ein *namibiar* i Zambia som utan å tvika sagde «*My people doesn't live anywhere. I'm a Bushman, you see*» då eg spurde honom kvar i Namibia han kom ifrå.

I dag klyv målgranskarane desse måli i sju ætter, og dei hev enno ikkje greidd å prova at det er skyldskap millom deim.

Sluttord

Greenberg meinte det var fire målætter i Afrika. Målgranskarane hev i røyndi ikkje prova at det er skyldskap millom fem eller fleire ulike greiner av nilosaharisk. Khoisan lyt me kann henda kljuva upp i sju ætter. For eigi rekning vil eg leggja til at eg ikkje hev sét yvertydande prov på at omotisk verkeleg høyrer til afroasiatisk. Det vilde ikkje forundra meg um framtidi skulde syna oss at det i Afrika finst yver femtan målætter i staden for fire.

Ivar Aasen på leit etter rettskriving

Frå *Den søndmørske Dialekt* (1841) til *Prøver af Landsmaalet i Norge* (1853)

Av Magne Myhren

Prøver af Landsmaalet i Norge kom ut i juni 1853. Boki er ei samling med tekster på bygdemål og landsmål, tufta på det tilfanget Ivar Aasen hadde skildra og lagt fram i *Det norske Folkesprogs Grammatik* og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1848 og 1850). *Prøver* inneheld 48 tekster, 32 på bygdemål og 16 på landsmål. 31 av bygdemålstekstene og 6 av landsmålstekstene er or folketradisjonen, eller dei skildrar skikkar og arbeidsliv. Det meste av tilfanget er innsamla mellom 1842 og 1851. Ei bygdemålstekst, «Sørfjorden», er ei naturskildring, og av landsmålstekstene er det ei skildring, «Eit innstig», tvo essay, «Um diktning» og «Um Storlæte». So er det nokre umsetjingar frå engelsk og tysk, både prosa og vers.

Målføre

I *Prøver* er det tekster or 20 bygdemål frå det meste av landet, burtsét frå Sudaustlandet. Ivar Aasen såg alle norske målføre i ljøs av eit protosystem, og det eine målføret kasta ljøs yver det andre. Tidleg i 1840-åri fann han fram til ein skrivemåte som i stor mun er tufta på innvortes språklege samband og skiftingar millom ord, bøygningsformer og avleidingar. Fonetisk pirk brydde han seg ikkje med anna enn når det var knytt til skifte og motsetningar i språkssystemet. Han merkjer korkje tjukk *l*, palatal *ll* og *nn* eller tviljoda *å*; slikt nemner han i merknader under kvar prøva.

Bygdemåli deler han inn i tri hovudgrupper: nordanfjellsk (målet nord for Dovre), vestanfjellsk (målet millom Romsdalen og Lista) og austanfjellsk (målet i Aust-Agder og austanfjells). Desse hovudgreinene kløyver han so uppatt i mindre målvald. Det er fyrst og fremst bøygningsformer av substantiv han legg til grunn for inndelingi. Men han er inne på at ei tvodeling og lét seg bruka; – den tek utgangspunkt i austnorske målmerke som jamvektregel og tjukk *l*.

Landsmålet fær skriftnorm

Alt frå fyrste stund hadde Ivar Aasen klårt fyre seg at han vilde skapa eit norskt skriftmål – eit normalmål tufta på grundig vitskapleg målføreanalyse. I 1848 og 1850 hadde han ikkje sett upp



nokon fullt utforma normal. Det er fyrst i *Prøver* han kjem med framlegg til skriftnormal, og det vart han i hovudsak standande ved med undantak av nokre fåe brigde. Det ein legg mest merke til, er vel at fyrstundes skriv han *dan*, *da(t)* og *dar* og *ei visa*, *dan viso*; sist i 1850-åri gjeng han yver til å skriva: *den*, *det*, *der* og *ei visa*, *den visa*. Landsmålsnormalen bygger på dei strukturelle serkje Ivar Aasen hadde funne i norskt talemål. Millom desse serkjenni kann ein nemna:

Ordi hev aksent på rotstavingi. Målet hev tri kyn. Språket hev tvo tonelag, og ein skil soleis millom *hender*, fl. av *hand*, og *hender*, pres. av *henda* v.

Språket hev bunden kvantitet, soleis at lang vokal vert fylgd av kort konsonant, t.d. *bak*, *baka*, medan ein tvifeld konsonant eller ei konsonantgruppa fær kort vokal framfor seg, soleis *bakk*, *bakke* eller *varm*, *varmt*.

Språket hev femtan rotvokalar og tri tviljodar. Det sermerkte for dette systemet er dei seks millomvokalane som Aasen merkte med vinstrevend aksent i uppskriftene: *è*, *ì*, *ò*, *ù*, *ÿ*, *ø*. Han meinte det var heilt naudsynt å ha eit so stort tal med vokalar, for målet vart meir systematisk, og det vart lettare å skilja millom visse ord og ordætter. Systemet bygde på målføre i Mid- og Vest-Noreg.

Konsonantane *p*, *t*, *k* skil seg frå *b*, *d*, *g*. Einfeld *b* etter vokal finst ikkje. Han skriv *d* i utljod og innljod, t.d. *greid*, *greide* i samsvar med nordvestnorske målføre.

ll, *nn* og *m(m)* skil seg frå *ld*, *nd* og

mb, soleis: *kall* – *kald*, *sann* – *sand*, *lunnar* – *lundar*, *lam(m)* – *lamb*.

Målet hev tri endevokalar: *a*, *e* og *o*, og det skil millom sterk og linn bøygning i hokyn, t.d. *flòt* – *flòti* – *flòter* og *flòta* – *flòta* – *flòtor*.

Infinitiv og ubundi form av linne hokynsord endar på *-a*: *å vera*, *å kasta*, *ei vika* og *ei klokka*.

Målet hev tri klassar av linne verb med endingane *0*, *-er* og *-ar* i presens, t.d. *vel*, *dømer* og *kastar*.

Sterke verb hev i-ljodbrigde i presens eintal: *fara* – *fer*, *slå* – *slær*, *suga* – *syg*, *gråta* – *græt*, *brjota* – *bryt*.

Mange lasta Aasen for at han brukte for mange daude konsonantar og sette upp skriftmålsformer som var i strid med fonetisk uttala.

Moltke Moe hevda at P. A. Munch hadde underkua Aasen so at han kom til å velja meir gamalvorne skriftmålsformer enn han opphavleg hadde meint å nytta. Til det er å segja at Moltke Moe skyna ingenting av den lingvistiske tenkjemåten hjå Ivar Aasen, men i sitt samnorskstræv trong han argument mot Aasen. Han køyrde fram P. A. Munch og fekk mange til å tru at Aasen bøygde seg. Desse synsmåttane gjekk lenge utan serleg nyansering.

Den fyrste som lagde imot dei, var Gustav Indrebø. Seinare hev Alf Hellevik, Einar Haugen og Stephen Walton ordlagt seg i same leid som Indrebø. Det er rett at Aasen valde former som frå eit yverflatisk synspunkt kann sjå gamalvorne ut, men desse formene var dei mest systemfemnande og tok mest umsyn til alle avbrigde i målføri; dei var med andre ord mest fullkomne.

Endå um det kann tykkjast som gamalt nytt, er eg nøydd til å koma innpå tilhøvet millom Ivar Aasen og P. A. Munch, og eg meiner å sjå det frå ein ny synstad.

Dei møttest fyrst hausten 1847. På denne tid er Aasen varsam med å leggja fram tankar um normalformer, men han set ein del former i klammor, og det var slike former han meinte var dei rette, og som me skal sjå, gjeng desse formene inn i normalen. Munch skreiv um rettskrivingsspursmål i 1832 og i juni–juli 1845. Aasen kjende desse skriftene, men det ser ikkje ut til at dei hev havt so mykje å

segja for honom. Men skal ein finna ut um Aasen skulde vera påverka av P. A. Munch, lyt ein fara gjennom ein god del med uprenta Aasen-manuskript, skrivne fyrr juni 1845 og fyrr september 1847. So vidt eg veit, hev desse handskriftene ikkje vore nytta fyrr, so her byggjer eg på nytt og ukjent tilfang. Her vert det ikkje rom til å herma or dei uprenta tekstene eller å draga inn alle småting. Eg lyt berre syna kva tid Aasen sette upp og fann fram til skrivemåten for dei einskilde delane av det norske språkssystemet som landnormalen er tufta på. [Sjå etterskrift.]

1841: Aasen set upp det fonologiske systemet med 18 vokaleiningar og 15 konsonantar. Dette systemet heldt han fast på seinare.

Han kjem fram til skrivemåtane *dj*, *hj*, og *tj* i ord som *djup*, *hjarta*, *tjon* – og han vil skriva *d* i utljod og innljod i ord som *god*, *greid* og *greide* og skil soleis millom *flo* og *flod*.

Regelen um den bundne kvantiteten vert utforma; den tær seg i minimale par som *hat*, *hatt* og *veg*, *vegg*.

1841–44: Skilnaden millom *ll*, *ld* og *nn*, *nd* vert gjennomført, t.d. *kall*, *kald* og *granne*, *grande*.

1844–45: Han formar ut kravet um dei fullkomne formene. Ei fullkomi form er ei som samsvarar med nærskyldte ord, med andre ord av same slag og med formene i norrønt mål. Dette fører fram mot det som Gustav Indrebø kalla «samanhengslovi» – ordi måtte skrivast soleis at den etymologiske samanhengen millom bøygningsformer og avleidingar vart klår. Difor må ein skriva *tjon* med *tj* for det heiter *tyna*, og ein må skriva *segja* og *dregen* endå um uttalen kann vera *seia* og *dreien*, for det heiter *sagt*, *segn*, *soga* og *draga*, *drog*. No plar me segja at ei slik rettskriving er morfofonematisk.

Når han samanliknar målføreformene *kvenn*, *kvedn* og *bjønn*, *bjødn* med norrønt *kvern* og *björn*, kjem han til at ordi må ha *rn* i skrift, det er *bjørn* og *kvern*.

Han vil skriva *g* og *v* i ord som *haug*, *duga* og *lauv*, *huva* endå um *g* og *v* ofte er uheyrlege.

I linne hokynsord fær *g* og *k* hard uttale fyre *e*: *tunge*, *luke*; i sudvestnorsk er endingi *a*: *tunga*, *luka*. Hankynsord med *g* og *k* fær ofte palatal uttale: *ungje*, *bakkje*. Difor meiner Aasen at den *e*-ljoden me finn i hokynsord, er ein avveikt *a*, og ein bør skriva *ei tunga*, *ei luka*. Dette kallar me palatalregelen.

Han set upp skilet millom sterk og linn bøygning i hokyn: *skål* – *skåle* eller

skåli – *skåler* og *visa* – *viso* – *visùr*. Dette skilet fann han fyrst i hardingmål, seinare i midlandsmål og i målføre nordanfjells.

Både infinitiv og linne hokynsord må enda på *a*, men ei form som *greida* strir mot uttalen *greia*, *greie*, *greide*; formi med *-da* er ein rekonstruksjon tufta på den nordvestnorske formi *greide* og den sudvestnorske *greia*. Ei slik form er sett upp for «analogiens skyld», som han segjer.

Han set inn *t* og *d* i trykklette stavingar: i bunde inkjekyn eintal *huset* og i inkjekyn av adjektiv på *-en*, t.d. *opet*, og i verbformer som *kastade*, *kastad*, *kastat* – og *faret*, *funnet*.

I verb som *kasta* og *kalla* set han upp fyrstidsformene med *-de* og *-t*, for berre på den måten kann det koma klårt fram at det er tale um fyrstid. I verb med *t* i stomen hev ein berre former som *kasta* el. *kaste* her, men ved andre konsonantgruppor kann ein ha former med *t*, soleis kann ein ha *leika* og *leikte* eller *kalla* og *kalte*. Når ein samanliknar desse formene med andre fyrstidsformer som *dømde*, *valde*, *vakte*, må resultatet verta *kastade*, *leikade*, *kallade*.

Alt dette er forma ut fyrr mai 1845. Dei artiklane um rettskriving P. A. Munch sende ut høgsumars det året, kann vel knapt ha havt nokon påverknad på det Aasen hadde tenkt ut fyrr. Dessutan er det berre spreidde småting Munch kjem innpå, medan Aasen hev utsyn yver heile språkssystemet.

1847: Frå januar til august dette året skriv Aasen «Udkast til det norske Almuesprogs Grammatik». Av nye ting der kann me nemna *rn* i bundne fleirtalsformer som *armarne*, *skålerne*, *visùrna*. Etter prinsippet um dei fullkomne formene laut skrivemåten verta soleis, for *r* høyrer med i endingane *-ar*, *-er* og *-ùr*, og *r + n* tær seg som *dn* i målføreformer som *armadn(e)*, *skåledn(a)* og *visudn*.

Aasen møter P. A. Munch

I august 1847 kom Aasen til Kristiania, og P. A. Munch og andre lærde der fekk *Udkast* til gjenomsyn. Dei hadde ein del merknader, men det er berre på eitt punkt det kann verta tale um nokon negativ påverknad eller underkuing, og det hev oftast ikkje vore drege fram av dei som lasta Aasen. Dette punktet gjeld dei opne vokalane.

Som nemnt ovanfor merkte Aasen dei opne vokalane med vinstrevend aksent. Det hev han truleg frå Rask og Høis-

gaard. Dei opne vokalane i språkssystemet hjå Aasen svarar i hovudsak til dei korte i norrønt, medan dei tronge hjå Aasen svarar til dei lange i norrønt, men dei lét Aasen standa umerkte. I norrønt mål og islandsk derimot merkjer ein dei lange (hjå Aasen dei tronge) med høgrevend aksent, t.d. *sól*. Munch og dei andre lærde vilde at Aasen skulde nytta ein merkjemåte som svara til den norrøne. Det meinte Aasen var for tungvint, og han lét med tung hug all merkjing fara.

Det norske Folkesprogs Grammatik kom ut fyrst på året 1848 og *Ordbog over det norske Folkesprog* midt på sumaren 1850. P. A. Munch skreiv oppglødde meldingar. Han ynskjer seg ein meir norrøninspirert skrivemåte, men det er fåe konkrete ting han kjem innpå. Formene i klammor er det ikkje likt til at han hev øygna.

Aasen skreiv *æ* og *å* i staden for *è* og *ò* framfor *r* og nasal + konsonant: *hær*, *stång*, *stænger*. Alt i 1847 hev han former med *ò* og *è* i klammor, og han skriv *e* i sume ord, t.d. *dreng*, *eng*, *senda*. Munch fører sterke etymologiske grunnar for *è* og *ò*, Aasen er nok inne på å ganga yver til denne skrivemåten, men det er fyrst i 1853 han tek stiget fullt ut og skriv *stong*, *stænger*.

Det andre er *r* eller *rd* i ord som *gard* og *jord*. Her er vestnorsk *r* og austnorsk tjukk *l*. Munch vil skriva *rd* her. Han syner med minimale par som vestnorsk *jor* og *jol* og austnorsk *jol* og *jol* (tjukk *l*), at når austnorsk tjukk *l* og vestnorsk *r* svarar til kvarandre, lyt ein skriva *rd*. Frå 1853 nytta Aasen *rd* her. Munch nemner nokre andre problem, men dei hev Aasen tenkt ut løysing på fyrr.

Um me no ser attende på det tilfanget me hev gjenge gjennom, so er det ein negativ påverknad på Ivar Aasen frå P. A. Munch og andre lærde i striden um å merkja dei opne vokalane. Ved skrivemåten *gard*, *jord* kann det vel til ein viss mun vera tale um påverknad, men det kann vel ogso vera at Aasen skifte syn. Det er vel helder ingen mannemink for Aasen um Munch hadde rett.

Det eg hev lagt fram, peikar hovudsakleg i den leid at Aasen hev forma ut skriftnormalen for seg sjølv i åri 1841 til 1847. Formene hev han sett i klammor der dei høyrer heime. Aasen tenkjer svært sjølvstendig og ser mykje vidare enn Munch. Aasen tenkjer i system. Systemtanken var framand for Munch, men han kunde gjeva klårsynte utgreidingar um einskildspursmål. Det var han som

fyrst gav ei historisk forklaring på jamvektregelen og yvergangen *rd* til tjukk *l* med grunnlag i det tilfanget Aasen lagde fram.

Av og til kann ein lura på um P. A. Munch hadde skyna so ovleg mykje av norskt talemål og koss det burde skrivast. Han sende ut ei ny utgåva av *Norske Viser og Stev* i 1848, og han hev mykje betre skrivemåte enn den Jørgen Moe hadde nytta sju år fyrr. Men i ei melding syner Aasen at P. A. Munch hev yversét viktuge sermerke ved austnorske bygdemål, og ein del rekonstruerte skrivemåtar er reint på villspor.

Eit spursmål som reiser seg, er kvifor Aasen ikkje lét publisera ein ferdig skriftnormal i 1848, i og med at so mange av dei formene som seinare gjekk inn i normalmålet, alt står i klammor i grammatikken i 1847 og 1848 og i tidlegare arbeid. Noko klårt svar er det vel uråd å gjeva, men ein kann gissa på at han var i

ev um sumt; og han laut fara varleg fram. Kultureliten og andre lesarar var kanskje ikkje mogne både for eit ukjent norskt måltilfang og ein ferdig utforma skriftnormal i same slengen.

Ein milestein i Ivar Aasens bokmannsverksemd

Prøver er på mange måtar den mest skilsetjande av alle skriftene Ivar Aasen sende ut. *Prøver* er språkvitskap, for ho er ei frukt av grammatikken og ordboki han sende ut fem og tri år fyreåt. I *Prøver* syner han målet i bruk i målføre og normalmål og i god rettskrivingsbunad. Boki peikar fram mot *Norsk Grammatik* (1864) og *Norsk Ordbog* (1873). Dertil er boki folkeminne og litteratur. Her skaper Aasen ein landsmålsprosa. Her er ingi nyskrivne dikt av Aasen, men nokre umdiktingar frå engelsk og tysk. Dei syner god vers- og strofeformande evna. Han hadde alt sendt ut dikt på sunn-

mørsmål og i tidleg landsmålsform. Det skulde ganga berre eit par år til, so var *Dikt og sanning* og *Ervingen* prenta.

Landsmålsbolken i *Prøver* er resultatet av språkvitskapleg verksemd og skapande bokleg evna. Samstundes er boki eit folkepedagogisk skrift. Ivar Aasen såg på den vitskaplege verksemd som godt folkeopplysningsarbeid.

Dette er viktuge luter av eit stykke som tidlegare er prenta som etterord til Prøver av landsmålet i Noreg, som Vestanbok forlag gav ut i 1985. Der vart det ikkje rom til å herma or handskriftene som vart nytta. Sidan – frå 1992 – er dei fleste av desse handskriftene utgjevne i Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet. Serie A. Tekster nr. 1–3 og 5.

Spanande reportasje frå Jesu samtid

Av Tore Lund

Josefus:

Den jødiske krig

Umsett frå græsk av Bente Lassen Aschehoug (Thorleif Dahls kulturbibliotek) 2002. 504 sidor.

Vetteren år 4 f.Kr. låg den mesta 70 år gamle kong Herodes alvorleg sjuk med store smertor i palasset sitt i Jeriko. Han hadde tungt for å pusta og krampe i alle lemer. Men fyrr han døydde, sytte han for å få avretta ein av sønene sine, som var mistenkt for å vilja rana til seg makti etter faren var avliden. Dinæst kalla han til seg dei mest velvyrde mennene kringom i heile Judea og baud at dei skulde verta stengde inne på den sokalla Hippodromen, av di «jeg vet godt at jødene bare venter på å feire min død med en gledesfest. Med det samme jeg er død, lar dere soldater omringe og drepe fangene inne på Hippodromen. Da vil nemlig hver eneste familie – ja hele Judea – måtte gråte over meg!» (or umsetjingi).

Til alt hell lét dei andsvarlege vera å setja ordren åt kongen ut i livet. Med ein gong Herodes var daud, vart fangane sleppte fri.

Dette fortel den jødiske presten og sogeskrivaren Josef ben Matthias, betre kjend som Josefus, i det store verket sitt i sju band um striden jødane førde mot romarane, ein strid som enda med at Jerusalem vart øydelagt i år 70. Josefus

var herfører og var sjølv med i striden mot romarane. Han skriv soleis ut frå eigne opplevingar. Og verket hans, skrivne for snart 2000 år sidan, er slett ikkje nokor keidsam historisk avhandling. Han er ein oppglødd forfattar, som med dei fargerike og dramatiske skildringane sine gjer boki spanande å lesa som var det ein roman. Men eg vil åtvare lesaren mot mange fælslege og makabre detaljar!

Landssvikar eller idealist?

Herodes var ei folkeskræma, og dråpet på borni i Betlehem er eitt av mange tilfelle (Matt 2,16ff). Fleire av kōnone og borni hans laut lata livet berre på grunnlag av lause mistankar um utruskap eller trass. Men samstundes var han òg ein av dei store byggherrane i saga, og tempelet i Jerusalem var det fremste tiltaket hans (Luk 21,5). Eit av dei mest forvitnelege avsnitti i boki er den detaljera utleggjingi um bygningane som låg til tempelet og korleis det var innreidt. Den største kunnskapen vår um desse tingi gjeng attende på Josefus.

Etter mykjen og seigliva strid hertok romarane Jerusalem i år 70. Den romerske herføraren Titus hadde gjeve ordre um å spara tempelet. Men ein forhuga romersk soldat kasta ein brennande fakkell inn gjennom eit vindauga, og med di gjekk eit av dei mest storslegne byggverki frå forntidi upp i logar, slik

som Jesus hadde sagt fyreåt (Luk 21,6).

Josefus' eigi rolla i denne samanhen- gen er ikkje serleg ærerik. Han hadde nemleg gjenge yver til romarane fyreåt, og då Jerusalem var kringsett, stelte han seg upp utanfyre muren og freista å telja landsmennene sine til å «overgi seg til romernes nåde i stedet for å gå til grunne som folk». Var han landssvikar, eller handla han ut ifrå idealistiske motiv? Ja, det er ein av dei tingi som hev vore ordskift i ettertida.

Ei onnor sak som hev vore mykje dryft, er kor litande han er i skriftene sine. Men i det store og heile held dei fleste på at han talar sanning. Og for alle som les Bibelen, er *Den jødiske krig* eit sers viktugt tilskot til å skyna Jesu samtid, jamvel um skrivaren korkje nemner Jesus eller Paulus. Men me møter mange av dei personane som er nemnde i Det nye testamentet, det gjeld både etterfylgjarane åt Herodes forutan dei romerske landshovdingane Pilatus, Felix og Festus.

Jøden Josefus skreiv på det som var «engelsken» den gongen, med andre ord græsk, og Bente Lassen hev sett um teksti til ein greid og lettgjengd norsk-dansk. Rett nog er umsetjingi i ein viss mun merkt av den noko tyngre målføringi i græskan, men det gjev berre norske lesarar ein tokke av Josefus sin eigen stil.

Ny teori um samkynet i bergensk

Av Klaus Johan Myrvoll

I seinste utgåva av *Maal og Minne* (hefte 1/2003) hev Eldar Heide, som er doktorgradsstipendiat i norrøn filologi på Universitetet i Bergen, ein artikkel um samkynet i bergensk (s. 23–35). Artikkelen er so godt skriven og kjem med so viktige åtgåingar at eg finn grunn til å nemna hovudinnhaldet her, attved nokre merknader.

Det er velkjent at bymålet i Bergen bryt med all annan norsk ved at det berre hev tvo kyn, soleis at hankyn og hokyn hev falle saman (*hesten, kyren*). Det er «ei gammal nøtt i norsk målgransking», som Heide skriv, korso dette samanfallet hev hendt. Fram til no hev det vore tvo «læger», som Heide skil ut med motsetningsparet *ljodrett – ikkje ljodrett*. Ein viktug målsmann for den fyrste flokken hev vore Mikjel Sørli, som meinte at *-n*-en i hokyn (*kyrin*) vart halden av di han fall tidleg saman med *-nn* i hankyn (*hest-rinn*), men kom aldri med nokor skikkelig uttyding til kvifor hokynsordi skulde «assosiere seg med hankjønnsordene», som han skreiv, anna enn at ljodveikjingi skal ha hjelpt fram eit slikt tilstemne.

Ein som hev halde på at samanfallet *ikkje* er ljodrett, er Ernst Håkon Jahr, som hev vektlagt språkkontakt med lågtysk. Denne språkkontakten skal ha ført til «grammatisk forenkling», d.e. færre grammatiske kategoriar. Dette er ei uttyding som Agnete Nesse, som nyleg tok doktorgraden på språkkontakt millom bergensk og lågtysk, i store drag hev slutta seg til. Ho legg til at grunnen til at hankynsformene skal ha vunne fram, var at dei var mest tidgjenge.

Nesse hev elles påvist at varaordet *hon* hev vore nytta ved tilvising til hokynsord i ein millombolk fram til slutten av 1500-talet, med andre ord at det var sagt *kyren*, men *hon* når det vart vist til henne (i dag heiter det *han* i slike tilfelle). Dette snur Heide til eit argument mot uttydingi åt Jahr og Nesse, når han segjer at ein slik skipnad, der dei heldt fram med tri kyn etter at hankyn og hokyn hadde fenge same form, «stemmer best med ei utvikling der hankjøn og hokjøn på grunn av eit fonologisk samanfall fekk formsamanfall, men elles vart verande «uforstyrra» som grammatiske kategoriar» (s. 28–29). Og han legg til: «Det er vanskelegare å tenkje seg at ei så drastisk forskuving i systemet som at hokjøn fekk ny ending, felles med hankjøn,

ikkje straks drog meir med seg» (s. 29).

Heide meiner med andre ord at hokynsformene på *-n* er ljodrette, og han styd tankerekkja si til at *-n* er halden i andre ord òg, som *sjelden*, (*i*) *måren*, *innen* og *afien*. Framleides finst eit dilikt kynssamanfall i storkholmsk, og det fonologiske samanfallet millom *-n* og *-nn* finst i islensk og færøysk, jamvel um dei hev halde uppe kynsskilnaden der (med grunn i mange andre kynsmerke). Endeleg nemner han at ei handskrift av Bergens bylov frå ikring 1320 hev samanfallet (gno. *bókin* vert skrive <bokin>).

I framlegget sitt til ny uttyding til at *-n* hev halde seg i hokyn, held Heide fast ved at det hev noko med språkkontakt å gjera. Ein indikasjon på det er at dei store handelsbyane Storkholm, Kaupmannahamn og Bergen um lag samstundes fær same voksteren fram mot tvo kyn endå dei er umgjevne av målføre med tri kyn. Heide peikar på at millomlågtysk ikkje hadde nokon lengdemotsetnad i utyngd staving, i motsetnad til gamalnorsk, som skilde millom t.d. *hest-rinn* og *bókin*. I nynorsk hev me fenge ei lengdeumleggjing der denne (mogelege) motsetnaden hev falle burt, men flestalle stader hev denne umleggjingi kome fyrst etter at den stutte utljod-*n*-en i *bókin* var fallen burt. Soleis fekk me ikkje samanfall millom endingane i hankyn og hokyn (jf. nno. *hesten*, men *boki*).

Bergensk må ha skilt seg ut på dette punktet, med at det fekk denne umleggjingi alt fyre den stutte utljod-*n*-en hadde byrja å falla, meiner Heide, og difor fall hankyns- og hokynsendingane saman. Det er her Heide syner den glupe kombinasjonsevna si: Det at bergensk fekk lengdeumleggjing i utyngd staving fyre andre norske målføre, tyder han ut med kontakt med det millomlågtyske kvantitetssystemet, ein påverknad han finn motstykkje til i finlandssvenske målføre. Med andre ord vert voksteren i hokynsordi i bergensk *både* ljodrett og fremja av språkkontakt. På denne måten sameiner Heide lærdomar frå baa lægri.

Eit teikn på at bergensk var tidlegare ute med lengdeumleggjing i utyngd staving enn andre målføre, ser Heide i den tidlege ljodveikjingi i dette målføret, der *mýrin* og *gáfan* må ha vorte til /my:ræn/ og /gá:væn/ alt i sein gamalnorsk tid. For som han segjer (s. 30), låg lengdeskilnaden «enda lenger ute i ordet

enn den trykklette vokalen, og skulle derfor vera meir utsett for svekking enn den».

Eg hev berre fåe merknader til Heide, som ikkje rikkar noko ved hovudslutningi hans, d.e. at samanfallet er både ljodrett og fremja av språkkontakt, men eg tykkjer like vel det er grunn til å bera deim fram.

Fyrst ein merknad til ei formulering: Når Heide nemner at palatal *n* fell saman med «vanleg» *n* i mykje nordnorsk i dag, og at det venteleg kjem av språkkontakt med norsk-danskt talemål som vantar denne ljoden (s. 30), nyttar han formuleringi «påverknad frå høgstatusspråket søraustlandsk». Her burde han ha skrive «høgstatusspråket norsk-dansk (i austlandsk uttale)» elder dilikt, um det var det han meinte. Det er ikkje dei sudaustlendiske målføri, t.d. vikversk og romeriksmål, som er «høgstatusspråk» i Nord-Noreg, snaudt nog det røynde oslomålet ein gong.

Skildringi åt Heide av korso nordlendingane legg av seg dei «avstikkande» palatalane er elles fyrebilætle, og syner korso uttydingi hans til samkynet i bergensk kann vera aktuell i høve til studiar av målbrigde i dag. No er det eit nytt «kontaktspråk» som utløyser brigde i målbyggnaden, det er norsk-dansk, men tilgonga er mykje den same. Dømet åt Heide med palatalane er berre eitt mogelegt millom mange, og han hev synt fyrr (m.a. i *Mål og Makt* nr. 3/1994) at han hev skyn for dette slaget «duld» tilmåting i målføri i dag.

So til noko som gjeld meir framstillingi av samanfallet millom *-n* og *-nn*: På s. 31 skriv Heide at «[d]a kvantitetsmotsetnaden i trykklett staving vart oppheva, vart samanfallsproduktet den gamle *korte n*-en», og han sluttar vidare at skrivemåten med lang <*nn*> både i hankyn og hokyn i handskrifti av Bergens bylov «er helst hyperkorrekt». Eg tykkjer ikkje dette er ei heilt god skildring, med di ein vanskeleg kann tala um kva for eit motsvar den nye, utyngde *-n*-en hev i den gamle byggnaden når dei tvo byggnadene er grunnleggjande ulike på nett det punktet som skal jamførast. Den nynorske utyngde *n*-en «svarar» korkje til gamal *-n* elder *-nn*, med di det ikkje finst nokon slik motsetnad lenger. Reint fonetisk kann han sjølv sagt hava mest sams med gamal *-n*, men det er ikkje avgjerande

her. Difor er ikkje skrivemåten <nn> «hyperkorrekt», men ein mogleg skrivemåte for utyngd /n/ i den nye byggnaden; etter samanfallet hadde skrivaren valet millom <n> og <nn> for det nye samanfallsproduktet, og han valde det siste, jf. at ein kann finna skrivemåtar som både <hestane> og <hestanne> i tekster skrivne på målføre.

Denne samstillingi av den utyngde -n-en i den nynorske byggnaden med den gamle stutte -n-en fær Heide til å gjera det at denne -n-en ikkje fall burt (som i dei hine målføri) til ein større vanske enn det i røyndi er; men berre for eit bil, for han endar opp på eit vitugt standpunkt: «Bortfallet av kort utlyds-n elles i norsk kan sjåast som utslag av “strevet” med å halde to n-kvantitetar frå einannan. Kvantitetsmotsetnaden gjorde den korte “litt for kort”, slik at han av den grunn fall bort. Denne mekanismen fall bort i lag med kvantitetsmotsetnaden. Dermed fekk kort utlyds-n i bergensk “stå i fred”, unngjekk “forkortingspress” frå den lange» (s. 31).

Her vil eg skjota inn ei onnor mogleg uttyding til at -n og -nn fall saman i

bergensk, som eg hev etter Trygve Skomedal. Den segjer at den stutte -n-en ikkje fall burt i bergensk av di dei vilde sleppa undan nasesjølvljodar, som ein må rekna med var eit millomstig i andre målføre, jf. voksteren *bókin* > *bokja* og nasesjølvljodane i selbumål (*bokjå*). Grunnen til at dei vilde sleppa undan nasesjølvljodar, var at dei verka avstikkande i høve til lågtysken, som ikkje hadde slike ljodar. Dimed tviheldt bergensarane på den utyngde -n-en, ulikt hine nordmenn, med den fylgja at han- og hokynsendingane fall saman når dei ikkje greidde å halda dei tvo n-kvantitetane frå einannan lenger (kvantitetsumleggjingi). Denne uttydingi legg òg til grunn at samanfallet er både ljodrett og fremja av språkkontakt, men på ein litt annan måte enn den Heide legg fram. Eg skal ikkje segja for visst kva for ei av desse uttydingane som er den rettaste, men den åt Skomedal hev den fyremunen at ho gjer voksteren meir handgripeleg. (I kor stor mun kann kvantitetsskilnaden i utyngd staving i bergensk ha «stukke seg ut» i høve til lågtysken?)

Heide endar artikkelen sin med det

som litt djervt kunde kallast ei programfråsegn for målgranskingi. Den er so forvitneleg at eg vil herma henne i heilo:

«I denne artikkelen har eg føreslått ei forklaring av felleskjønnet i bergensk som føreset språkkontakt, men som samstundes er systemintern: Kontakt med eit anna språk gjev eit “puff” til det heimlege systemet, som så utviklar seg etter nye, interne lover. Siste ordet om felleskjønnet i bergensk er neppe sagt med dette. Éin ting vonar eg likevel å ha vist: Nye tilnærmingar overflødiggjjer ikkje den tradisjonelle lydlovtilnærminga. Den moderne språkkontakttilnærminga kan opne for nye perspektiv og forklaringar – slik vart denne artikkelen til – men ho kan berre *utfylle* dei tradisjonelle tilnærmingane, ikkje erstatte dei.»

Her syner Heide at han hev tanke for dei etter kvart mange som steller seg kritiske til ljodlogene, og som difor set seg sjølve utanfyrre heilt avgjerande innsyn i målvoksteren. Berre med den sunne haldningi åt Heide kann me koma vidare i norsk målgransking. Det er å vona at artikkelen hans fær ein stor lesarkrins.

Ei dotter om André Bjerke

Av K. E. Steffens

Vilde Bjerke:

Du visste om et land.

Om min far André Bjerke

Aschehoug 2002. 198 sidor.

Det er ikkje lett i det norske litterære landskapet å få auga på ein forfattar som var meir ålment gåve- og kunnskapsrik enn André Bjerke. Han var på høgd med Arne Garborg soleis, men overgjekk honom på omkvervet realfag, slik som fysikk og astronomi. (Derimot er det sers vanskeleg å tenkja seg Bjerke som ein dugande revisor, eit arbeid og eit yrke Garborg ser ut til å ha meistra godt då han i åra 1883–87 var statsrevisor.)

Bjerke hadde òg det til sams med Garborg at han dyrka so å segja alle litterære genrar. Han var fyrst og fremst lyrikar, men hev òg skrive nokre av dei beste norske kriminalromanane, og som artikkelforfattar, essayist og debattant og – ikkje å gløyma! – omsetjar, er han òg millom våre fremste på 1900-talet.

Bjerke var gift tri gonger og andre gongen med skodespelarinna Henny Moan. Det er dottera deira, Vilde Bjerke, som no hev kome med ei bok om faren bygd på eigne minne, det mora, vener og kjenningar hev fortalt, og ein del uprenta

og prenta kjelder. Det er ei upretensjøs bok utan noko akademisk «apparat», men ein kunne likevel ynskt at der var tilvisingar til *alle* dei prenta kjeldene ho nyttar.

Bjerke var på morsida syskenbarn til Jens Bjørneboe, og det er rimeleg å tru at alkoholmisbruken hjå båe hadde ein erveleg disposisjon som grunnlag. Bjerke var periodedrankar, og det øydela dei to fyrste ekteskapa og må i nokon mun ha verka traumatiserande på dottera. Faren var aldri brutal, men når trongen til drykk og rus kom over honom, miste han normal ansvarskjensle, og det gjeng klårt fram av boka at Vilde må ha røynt ikkje so lite som var vondt og låkt, og som arbeidet med denne boka hev hjelpt henne til å få orden på. Ho prøver å sjå det positive i ein urolig barndom i eit bohøremiljø, «men det er ikke det et barn trenger» (s. 42). Dei negative røyntslene gjer at ho «elsker borgerlige hjem; der finnes det trygghet og stabilitet, der finner jeg ro» (s. 41).

Ein kan undra seg over at indeterministen Bjerke aldri på eiga hand greidde å fri seg frå trongen til alkohol. Det var den tøffe tridje kona hans som langt på veg fekk skikk på honom og millom anna fekk «operert antabus inn i magen hans» (s.

73).

Etter kvart fekk dottera eit mykje betre og tryggare tilhøve til faren, og ho skildrar godt kor kveikjande det var å ha ein far som var både klok og kunnskapsrik og «alltid hadde tid og ro til å snakke med meg når jeg var på besøk hos ham» (s. 89).

Me fær gode og forvitnelege inntrykk av det mangslunne ved Bjerkes arbeid og interesser i denne boka: den hardt arbeidande diktaren og omsetjaren, den konsentrerte sjakkspelaren og frimerkesamlaren, den antroposofisk orienterte eksperimentatoren og talsmannen for eit spiritualistisk og paranormalt syn på tilværet.

Fascinerande og nytt er skildringa av foreldra: faren var den lovande, men seinare mislukka forfattaren Eilert Bjerke, og André voks opp som einaste barn i det ein kan kalla eit «sterkt» kulturelt miljø.

Bjerke var ein meir byggjande personlegdom enn Bjørneboe og prøvde ikkje som fetteren å legitimera og idealisera sine sjølvøydeleggjande tildriv. Han er ei fin biografisk utbjodning, og eg vonar at nokon vil skriva ei breid og kjeldekritisk livsskildring som stoff frå denne boka òg kan gjeva verdfulle tilskot til.

Riksmålstriumf og nynorske tøkedottar

Av Lars Bjarne Marøy

Helge Omdal og Rune Røsstad (red.):
Krefter og motkrefter i språknormeringa.
Om språknormer i teori og praksis
Høyskoleforlaget 2003. 305 sidor.

Denne boki byggjer på ein konferanse um språknormering som vart halden i 2002. Det er interessant å merkja seg korleis ymse personar med tilknytning til norsk filologi ser på stoda for dei to måli i Noreg. Som norsklærer på Austlandet merkjer eg meg jamt tvo hovudtendensar i rettskrivingi åt elevane. Den eine er at elevane skriv meir og meir riksmålsprega norsk-dansk. Den andre er at nynorskstilane deira er merkte av påverknad frå det same målet. For meg er det difor spanande å sjå um desse åtgåingane gjev seg utslag i granskingane i denne boki.

Det hev vorte etter måten godt klårlagt at kunnskapen um kva som er valfrie former i dei offisielle rettskrivingane er ring millom både norsklærarar og andre språkbrukarar. Det er heller ingen stor løyndom for dei som vil innsjå det at den vidfemnande valfridomen skapar vanskar for dei som vil læra å skriva rett. Men det skil seg mykje på haldningane til valfridomen. Forsvararane av valfridomen hev millom anna hevda at folk treng dei valfrie formene for at dei skal kjenna målet som sitt eige. Dei hev òg hevda av valfridomen gjer det lettare for folk å sleppa å få raude strekar under mistak i norskstilar. Men ein ting er ynskjedraumane, noko anna er røyndomen.

Det er liten tvil um at elevar og studentar ikkje bryr seg serleg mykje um talemålet sitt når dei skriv. Til dømes hev Helge Omdal fleire gonger ettervist at studentar som vert bedne um å retta skriftlege arbeid, ikkje kjenner til valfrie former som samsvarar med talemålet sitt og som vert nytta lite i dei mest utbreidde publikasjonane, anten det gjeld norsk-dansk eller nynorsk. Det er òg ei kjensgjerning at skulen er i ferd med å forlata den læringsmetoden som vart kalla for «læring på talemålets grunn»; det tyder at elevane skulde læra rettskrivingi stegvis og konsentrera seg um å skriva utan umsyn til skrivefeil. Elevane treng å læra ei rettskriving, og den lettaste framgangsmåten er å lesa mykje og å få retta mistak dei gjer. Denne stemneleidi hev truleg fenge granskarane til å venda merksemd meir mot skriftmålet enn fyrr. Men kva so med sjølve rettingi?

Det er òg liten tvil um at når studentar rettar subjektivt, gjer lærarane det òg. Det dei sjølve reknar for godtakande nynorsk, ev. bokmål, vert rettesnori, og ikkje det som objektivt sèt er rett. Med dette meiner eg ikkje at lærarane ikkje slær upp i ordlista; dei rettar subjektivt like vel, ordlista vert berre rådgjevande. «Eg ser det er lov, men eg tykkjer ikkje det gjeng å skriva det.» Um ikkje lærarane var subjektive i nokon mun, hadde det elles vorte mest uråd å retta. I eit skriftlegt arbeid kann ein elev nytta a-infinitiv og e-infinitiv og avleidingar som *-lig* og *-leg* um einannan. Skal lærarane sitja og telja kvar gong elevane brukar den eine eller andre formi, kjem dei ofte ut med at éi form er nytta i halve arbeidet og ei onnor i den andre helvti. Då vert det upp til læraren å avgjera kva han vil råda eleven til å skriva.

Men den subjektive rettingi gjev seg andre og meir handfaste utslag òg. Sjølv vart eg og klassen min på vidaregåande til dømes pålagde å skriva *Norge* og hindra i å skriva *me* stikk i strid med det som var lov i gjeldande rettskriving. Vitnemål frå andre um tilsvarende subjektiv rettespraksis skulde vera legio. No hev jamvel skivarane i denne boki byrja å gjera spreidde etterrøkjingar av kva subjektive rettskrivingspåverknader folk møter, og ikkje minst kva for realitetar dei ulike påverknadene hev gjeve.

I ein velskriven og god artikkel peikar Helge Dyvik på at når granskarane hev funne ut at norskstudentar ikkje kjenner valfridomen i rettskrivingi, er det av di dei slett ikkje er interesserte i å finna att sitt eige talemål når dei lærer seg skriftmåli i landet. Han peikar vidare på at det ein etterviser, er at norskstudentane berre kjenner og praktiserar rettskrivingi i det skriftmålet som finst og som vert nytta, og ikkje det mange språknomerarar kunde ynskt vart nytta. Poenget åt Dyvik er slående. Kven er det som idest å sitja og lesa i ordlista for å finna fram til kva som kann vera lov? Ein må segja seg samd med Dyvik når han meiner at normgjevarar som Helge Omdal bør taka seg ein tenkjepause når dei ynskjer at Språkrådet (som no vel er nedlagt) skal spreida kunnskap um valfridomen i skriftmåli. Det må finnast betre oppgåvor for eit slikt organ.

Dyvik nyttar umgrepet «operative språknomer» um «de normene som fak-

tisk styrer språkbrukernes korrekthetsoppfatninger og språklige samhandling». Utan at folk hev visse sams operative normer, finst det ikkje noko språk. Dei preskriptive normene, d.e. språknormer som er formulerte av einskildpersonar eller organ, er sterkt avgrensa. Når dei preskriptive normene hev vorte tekne upp i eit språksamfund og vorte til operative normer, er dei med på å definera språket, men då er dei ikkje lenger berre preskriptive. Skal den preskriptive normeringi ganga lenger enn til «en nennsom og lydhør regulering av operativ norm, står autoriteten på spill», hevdar Dyvik.

I Noreg braut ein med den operative normi i 1938. Samnorsktilhengjarane forbaud den operative normi, og normeringi vart ankra i eit upresist slagord: «på norsk folkemåls grunn». Dei ansa ikkje på det arbeidet som låg attum innlærde skriftspråksvanar. Dei trudde at dei kunde gjera som Ivar Aasen og konstruera upp eit nytt mål. Men, repliserar Dyvik, dei såg burt frå det essensielle faktumet at Aasen var diktar. Her tolkar eg Dyvik slik at han meiner at Aasen trass i at han konstruerte upp landsmålet, var i stand til å utvikla språket gjennom stilkjensla og skyn for praktisk målbruk, noko det hev skorta på hjå statlege rettskrivingsnemnder. Dei hev som Øverland sa det, «griset med sproget».

Eit organ som Norsk språkråd hev ikkje vore i stand til å opplysa folk um kva som var operativ språkbruk, for den samsvara ikkje med den preskriptive (samnorsk), og det var den sistnemnde rådet var sett til å gjennomføra. Difor vanta rådet den autoriteten som folk ynskte. Utfallet hev vorte ei vidfemnande privat normering, serleg innanfor riksmålsrørsla. Denne normeringi vart normdanande for avisor og forlag. Resultatet av den statlege normeringi var at Språkrådet vart standande att utan nokor tyngd i språkspursmål. No er det på tide å få slutt på eksperimentering. Det som trengst no, er ein normeringsintans som kann skildra det røynelege skriftmålet, og ikkje det sume filologar ynskjer skal vera skriftmålet, endar Dyvik.

Reint oppgjeven vert ein yver kor slit-samt Riksmålsforbundet må ha havt det i Språkrådet. Dei tolmodige riksmålsmennene John Ole Askedal, Tor Guttu, Arthur O. Sandved og Ole Michael Selberg hev samla og redigert eit stort tilfang


av statistikk som syner at klassiske riksmålsformer stend stødt i bruk. So systematisk må ein ganga til verks for å greida å luka ut gamle samnorskformer og argumentera inn att tradisjonsformene. Her ser ein retteleg korleis språklege byråkratar hev freista å konstruera til sides godt, tradisjonsrikt mål. Og når det gjeld riksmålet, er sanningi so openberr at det er mest uråd for dei fleste å ikkje bøygia seg for henne. Då slær det ein kor vanskeleg stoda er for høgnorskfolk som hev vorte utsette for reine undergravingskampanjar og aktiv nedteging gjennom krav um at nynorskforfattarar skulde nytta offisiell rettskriving, hardhendt retting av tekster på høgnorskt mål og utelating og tilvridding av målsyni til tradisjonalistane i sogeverk og i norskverk for skulen.

Tvo bokmålskrivarar stend fram som faneberarar for valfridomen i rettskrivingi. Den eine er Kjell Ivar Vannebo, som avgrensar seg til å sjå på norsk-dansken. Vannebo konkluderar med at mange av talemålsformene som kom inn i rettskrivingi med tanke på samnorsk, er på veg ut att, men nokre talemålsformer hev kome inn utan tanke på samnorsk, hevdar han. Han held fast på teorien/dogmet um at talemålsnære former kann gjera skriftkulturen mindre framand for «miljø som normalt ville ha vanskelig med å identifisere seg med den».

Helge Omdal held fram med å synsa i same leid som Vannebo, og bokmålsbrukaren Omdal avgrensar seg ikkje til å meina noko um norsk-dansken. Han kastar seg likso godt inn i ordskiftet um nynorsken. Omdal meiner at det må vera eit mål med nynorsknormeringi å skunda til at folk millom anna vert merksame på at sterke verb kann hava ending på *-er* i notid (*skriver, bryter*). For mange studentar må desse *-er*-formene vera talemålsnære former, slær han fast. Men kva grunnlag hev Omdal for å segja at elevar og studentar tenkjer ut ifrå talemålet sitt når dei skriv? Og kvifor er det viktugt at ein nyttar tilfang frå talemålet sitt når ein skriv? Omdal vantar totalt eit refleksjonsnivå som kann gjeva svar på slike spursmål. Når ein hev lese den kunnskapspekka og vidsynte artikkelen åt Dyvik lenger framme i boki, verkar artikkelen åt Omdal inneslutta og lite kommunikativ.

Eg hev so langt nøgt meg med å ganga inn på kva nokre av bokmåls-

brukarane skriv. Kva so med nynorskningane? Gunnstein Akselberg skal røkja etter praksis og haldning til nynorsk hovudmål i den vidaregåande skulen. Eg kann ikkje sjå at han i det heile gjev svar på kva som er rettskrivingspraksis millom skuleelevar, slik han segjer han skal gjera i innleiingi. Han rotar seg derimot burt i attgjevingar av eit spyrjeskjema der sume av spursmáli verkar mildt sagt lite relevante. I beste fall byggjer han på eigenrapportering frå lærarar og elevar, og her kann det vera mange feilkjeldor. Skriftlege kjeldor som til dømes eksamensstilar skulde det vera nok av, og eit slikt tilfang hadde vore langt meir litande.



«Den norske normeringssirkelen», slik han er teikna upp i artikkelen åt Helge Sandøy. Han vert introdusert med at «[e]in enkel modell kan sjå slik ut». Dersom Sandøy meiner at dette er ein *enkel* modell, må ein undrast korso ein *innfløkt* modell hadde sèt ut.

Endre Brunstad skriv um «Finn-Erik Vinje – ei kraft i norsk språknormering?». Her fær me ei navleskoding av Vinje som minner um tabloid-journalistikk. Eit høgdepunkt er når Brunstad slær fast at «Vinje er ein god pedagog, er flink til å popularisere og spissformulere, og taklar media. Det høyrer med at han har eit tiltalende ytre (det påstår i alle fall kvinner) og ei mild, behageleg og samtidig bestemt røyst. Ein person kan likevel ikkje slå igjennom i språknormeringa berre ved hjelp av karismatiske eigenskapar; han må òg ha støtte i den sosiale konteksten.» Denne meldaren tykkjer dette høyrest mest ut som ein ingress til ein artikkel um Vinje i Dagbladet.

Jan Olav Fretland skriv um eit nytt språkpolitisk klima i Norsk språkråd, rådet som skal leggjast ned. Roger Lockertsen skriv um «Determinisme eller politikk som forklaring på resultat av norsk

språkplanlegging og språknormering», eit emne som verkar interessant, men lite sakssvarande i denne samanhengen. Sylfest Lomheim skriv um rolla åt NTB i norsk språkpolitikk; ein interessant artikkel for norsk-dansken sin del. Helge Sandøy og Lars S. Vikør skriv seg inn i lange utgreidingar um normering utan å presentera noko nytt.

Av dei utlendske tilskoti er det einast verdt å nemna Andrew Robert Linn, som skriv ein opplysende og god artikkel um Johan Storm. Storm var språkgeniet som hev vorte standande som nynorskmotstandar i målsogebøkene, men som Linn viser oss, var han so mykje meir enn det.

Skal eg oppsummera, må eg segja at eg hev fenge stadfest at det er ei klår og eintydig haldning millom riksmålsfolki at det trengst ei meir seriøs tilnærming til språknormeringi frå statleg hald. Nynorskbrukarane interesserar seg lite for nynorsknormeringi, og ingen av dei ser ut til å vera i stand til å staka ut nokor ny leid for henne. Den som kjem nærast eit relevant forskingsemne, er Gunnstein Akselberg, men arbeidet hans er ikkje sætande reint metodisk. Bokmålsmannen Helge Omdal er nok betre metodisk, men maktar ikkje å draga meningsfulle slutningar for målstoda i dag.

Det tykkjest openbert for meg at skuleelevar i dag fær eintydige signal um korleis norsk-dansken skal skrivast. For norsk-dansken sin del kann ein segja at det finst ei klår operativ norm. For nynorsken finst det knappast ei preskriptiv norm, men som Omdal syner, vil opplyste språkbrukarar heilt klårt vita kva som er vanleg bruksnorsk i alle fall på sume umkverve. So fær kuriøse samnorsktilhengjarar vemjast so mykje dei vil yver at norskstudentane ikkje kann alle listone yver valfridomen. Det er synd for i-målet, men det skulde ikkje vera nokon stor vanske for Omdal og felagane hans å bøta på skortande kunnskapar på dette umkvervet. I-målsregelen skulde dei fleste kunna læra seg snøgt. Verre er det med alt det andre bokmålsuppsopet og regelløysone som bryt med samanhengslovi. Me fær vona at norskstudentane veit å nytta tidi si til meir meningsfulle syslar enn å læra alt det.

Islenske dikt på fire linor

Av Johannes Gjerdåker

Dei islenske visone på fire linor, med faste enderim og bokstavrim, hev ei saga på meir enn 700 år; den eldste av deim som ein kjenner til, er oppskriv i *Flateyjarbok* frå 1300-talet. I alle hundradår etter dette hev formi vore dyrka, i alle landsluter, av kvinner og menn, og det vert sagt at det hørde til ålmenndaningi at ein vaksen gut og ei vaksi gjenta skulde kunna dikta og segja fram slike visor. Formi vert dyrka no i det 21. hundradåret òg. Det finst islenske blad som hev eigne, faste teigar for nye og gamle, men ukjende visor av dette slaget, som vert kalla *ferskeytlur* (*fer-* av *fire*).

I våre dagar vert det òg halde møte og stemnor der folk kjem saman til fredeleg kapping. Når tvo kappast, segjer den eine fram ei visa, gjerne ei velkjend, som alle kann. Den andre skal då svara med å segja fram ei onnor som byrjar på siste bokstaven i visa som fyrste mann sa fram. Slik gjeng det vidare att og fram, alt etter minnet, og dei kann halda på i timar fyrr enn den eine må gjeva seg. Mange tilhøyrarar sit og fylgjer med; sakkunnige er jamnast alle. Visetevlingane av dette slaget vert òg haldne på islensk radio.

Kappdikting og visetevling av dette slaget er ikkje ulik stevning som her i landet er kjend frå Sætisdal og Vest-Telemark. Den islenske *ferskeytlan* hev òg mykje sams i rytme og takt med det norske gamlestevet, slik me kann sjå av verset «Laksen strid mot straumen renn» (sjå nedanfyre), men i Noreg er det ikkje teke vare på bokstavrimet. Det kann like vel ikkje vera tvil um at islensk og norsk tradisjon i denne visediktingi må ha sprunge ut av det same opphavet.

Eg vil gjerne gjeva att ei tidleg, anonym visa på islensk; ho er ei oppmoding til fredeleg kapping:

Komdu látum kveðast af,
kappinn ef þú getur!
Okkar látum ljóðaskraf
ljóma allan vetur!

* * *

Kom og lat oss kvedast no,
kvikke ven og frende!
Stevjast vil me visst, me tvo,
vetteren til ende.

Den islenske *ferskeytlan* finst i store samlingar, etter alt å døma er det mykje meir uprenta enn det som finst i bokform. I mange tilfelle er opphavsmannen, elder -kvinna, ukjend, men dei allra fleste av dei velkjende islenske diktarane, dikta òg slike visor. Døme på det gjev Rósa Guðmundsdóttir (Skáld-Rósa), Páll Ólafsson og Einar Benediktsson. Derimot er ikkje Björn á Skarðsá (1574–1655) kjend for fleire dikt, men denne bonden frå Nord-Island var ein av dei fyrste i nytidi som tok upp gransking av den norrøne skaldskapen. Det er dette han skriv um i visa som her er tolka: Diktet han hev streva med å tyda eit heilt år, er «Höfuðlausn», det diktet som Egil Skallagrimsson forma på éi natt i Jorvik i England.

Slik som i norske gamlestev, i græske og romerske epigram og i persiske robai'-jat møter ein i islenske *ferskeytlur* filosofiske refleksjonar, naturskildringar, ynske, voner og elles kjenslor av mange slag. Formi hev òg vore bruka til hogg og stikk, spott og spe mot medmenneske, men slike er sjeldsynte i samlingar som er utgjevne i bøker. Heidrande helsingar vert ofte forma i slike visor.

Björn á Skarðsá (1574–1655)

Mitt er ikkje mykje ved,
mest hev lærdom svikta:
Eg hev brukt eit år på dét
som Egil éi natt dikta.

Visor etter ukjende opphavsmenn

Vantar mat til folk og fe
fyre kyndelsmessa,
kann òg radt frå ny til ne
nordanvinden kvessa.

* * *

Laksen strid mot straumen renn
og sting mot harde grjote';
ilt er å leggja elsk til den
som ingen vil gje i mote.

* * *

Leidi for min lagnadsveg
lèt seg ikkje gissa;
Best er livet òg, trur eg,
utan slik ei vissa.

Rósa Guðmundsdóttir (1804–1855)

Tidt vert auga tåreklårt,
truskap kløyvd i møla';
hjarta mitt er sjukt og sårt,
svik er hardt å tola.

* * *

Auga mitt og auga ditt,
å, dei fagre steinar!
Mitt er ditt og ditt er mitt,
du veit kva eg meinar!

* * *

Deg i sorg eg saknar stødt
med sári utan gro'e –
Å, um eg deg hadde aldri møtt,
elskade venen min, go'e!

* * *

Fredlaus var eg alle år,
utan trøyst i harmen,
just som um eit ope sår
alltid sveid i barmen.

* * *

Eg må læ når havet hiv
høgt yver mast og stannar;
meg er det eitt no, um eg bliv,
elder eg når til hamnar.

Páll Ólafsson (1827–1905)

Eg vilde helst eg fekk vera strå
og visna i lestane dine.
For du vil trø lint og lettast på
leide brestane mine.

(Páll skreiv mange visor til kona si
Ragnheid. Denne visa sa han fram
då han såg høy i skorne hennar.)

* * *

Ut av garden um du dreg,
elder fer frå hagen,
då vert synet svart for meg,
so eg knapt ser dagen.

Men ved ljøsken av ditt ord
atter von eg sankar
og kann kasta yver bord
alle skræmde tankar.

* * *

Natti lettar, lengst i aust
logar morgonrøde;
framfor seg lét soli raust
senda fyrebode'.

* * *

No hev Drotten kveikt i kveld
kvike nordljøsskjelven,
endelause laup av eld
logar yver kvelven.

Einar Benediktsson (1864–1940)

Stunder utan rast og ro
renn som mjøll på skaren;
all di lyst er eitt av tvo:
usedd elder faren.

* * *

Songmøy ljuvt med lette hender
leikar på min hjartestreng;
eg ser langt frå livsens strender
ljøs som gjev meg alt eg treng.

Guðfinna Þorsteinsdóttir (Erla) (1891–1970)

Svart i hug vart mang ein mann,
myrkt vart alt der inne,
um i sjæli ikkje brann
eld av gode minne.

Glimt frå den britiske saga

Av Lars Bjarne Marøy

Britisk saga er etter måten lang jamført med den norske. For mange vil nok vikingtokti og den danske styringstidi i England vera kjend. Norske vikingar herja yver store luter av Storbritannia. Dei tok store utbyte gjennom stulder og verjepingar frå engelskmenn som vilde hava fred, jamvel frå den engelske kongen, men dei arbeidde òg fram handels-samband.

Det same gjorde danskane, og frå 1014 var England under dansk styring. Den danske styringstidi tok slutt i 1066 då den danske kongen døydde. Arvestriden som fylgde førde med seg at kongsemnet Harald Hardråde leid nederlag og døydde. Det markerar slutten på vikingtidi i dei fleste sogebøkene. Normanarane tok seg fram i Storbritannia og vart snart dei leidande på alle umkverve.

Men britisk saga er mykje lengre enn dette. Fyrste gongen me fær skriftlege kjeldor frå Storbritannia er når romarane kjem til England kring år 0. Dei skriftlege kjeldone er fåe og spreidde, men dei finst. Romarane fann handelsfolk i England og tok snart kontroll med sentrumsstaden som innvånarane nytta eit namn på som romarane yvertok, London (latin *Londinium*). Romarane bygde ein bymur som no er burte. Men muren vart atterreist på 900-talet. Nokre småe restar av den romerske muren finst millom anna utanfor vindaugo på Museum of London. På British Museum kann ein studera korleis den romerske kolonimakti organiserte seg. Her finst det originalbrev frå romarane som vitnar um dagleglivet. Eit mesta intakt sylvsett med koppar og fat fortel um velstand millom koloniherrane.

Kvifor skulde so romarane til utposten i nordvest? Det er eit tankevekkjande spørsmål, men svaret er ikkje

verre enn at dei var ute etter å driva gruveverksemd i England. Her hadde England gode fyresetnader, og det var nok det som mest av alt dreiv romarane. Romarane var ikkje interesserte i dei andre folki på dei britiske øyane i nokon serleg mun. Desse folki var for det meste til bry, med mindre dei kunde brukast til slavar, og difor bygde romarane murar mot dei. Skottar og irar vart soleis aldri ein lut av romarriket. Romarane hadde meir enn nok med å verja seg mot fiendslege grupper av innfødde i England og sume tider kunde dei møta sers stor motstand.

London er bygd på gamalt bos. Grev ein seg langt nok nedover kann ein finna leivningar frå romartidi. Det er sjeldan at arkeologane fær høve til å grava. Det er fyrst når hus vert rivne, hev brunne ned til grunnen eller når det skal gjerast umfemnande byggjearbeid at dei slepper til. Då kann ein finna mykje rart. Det er ikkje lenge sidan me kunde lesa i norske avisor at det var funne ein romersk krem. Ein av kuratorane ved Museum of London kunde opplysa um at romarane laga krem av eselmjølk. Steininskripsjonar som kann gjeva oss ein idé um korleis den romerske herstyrken var skipa, er òg funne. Både på Museum of London og på British Museum hev dei store og lærerike samlingar um romartidi.

I 410 byrjar romarane å forlata England. Romarriket var i nedgang, og det vart uråd å halda fram med ein so vidfemnande administrasjon som ein kunde ynskja. På 500- og 600-talet byrjar det å koma sterke vitnemål og nedskrifter som kann nyttast av sogegranskarane. Fram til då er det kjeldor utanfrå som hev fortalt um England, og det engelskmennene sjølve hev å bjoda på, er einast arkeolo-

giske fund. Desse fundi er like vel talsterke og gjev mange haldepunkt for granskarane. Sogegranskarane kann millom anna slå fast at kong Ethelbert bygde St. Paul-katedralen i 604. Katedralen stend enno og er eit ruvande vitnemål um stordom.

Skal ein derimot ha meir handfaste og noggranne opplysningar, lyt ein søkja etter skriftlege kjeldor. Då vert vanskane sume tider store. Kyrkjehistoria frå Bede (*Historia Ecclesiastica of Bede*) og *Anglo-Saxon Chronicle* gjev granskarane kontinuitet i saga, men i mange viktuge tilfelle er det berre tilfellelege kjeldor som brev og dokument som kann gjeva opplysningar um kva som hende.

I nokre tilfelle er tolkingi av gamalengelske ord avgjerande for å nå fram til full vissa um kva som hende. Namn i dei skriftlege kjeldone er òg problematiske. Mange av dei gamle engelske namni kvarv burt i tidleg millomalder, og i millomalderdokumenti ligg dei fyre i ei rad former som gjer det vanskeleg å slå fast kven det til kvar tid er tale um.

1066 markerar eit viktugt skil der det engelske samfundet endrar seg radikalt. Vilhelm hertakaren tek med seg nye tradisjonar til England. Samfundsskipnaden vert brigd millom anna med umsyn til tilhøvet millom staten og kyrkja.

Mange kjenner nok brokkar av den britiske saga. Men dei fleste hev truleg sett seg lite inn i saga fyre 1066, og jamvel i saga fyre det engelske fridomsbrevet Magna Carta (1315). Det er vel fyrst med den engelske sigeren mot den spanske armadaen eller den industrielle revolusjonen at folk flest byrjar å få syn for britisk saga. Men britisk saga er so mykje meir.

Korleis eg vart bokven

Av Jon Bleie

Målmannen prentar andre stykkjet i ein føljetong på tri bolkar

Skrifti Korleis eg vart bokven av hardingen Jon Bleie (1904–81) vart prenta fyrste gongen i 1944 i rekkja «Småskrifter for bokvenner» på bokreidingslaget N. W. Damm & Søn, Oslo. Her fylgjer framhald frå fyrre nummeret:

Straks eg vart konfirmert, vart eg kjend med to av dei største skikkelsane i Hardanger-litteraturen, O. Olafsen og Th. S. Haukenæs. Sokneprest O. Olafsen, den store bygdesogeskrivaren, kom eg til å kjenna serleg godt og tala dagleg med han i fleire år, når han var heime på Voss, for endå han då var i 80-årsalderen, var han mest årleg på arkivgransking i Bergen og Trondheim. Ja, eit par år før han fylte dei åtteti, gjorde han jamvel ei ferd til Frankrike, til fronten og til kjende stader frå saga. Han var ikkje tyngd av alderen – han småsprang jamt når han hasta etter gata – arbeidsviljen var nett den same. Men so levde han og svært regelrett. Han reis tidleg opp kvar morgon, og med undantak av ei stutt middagskvild, arbeidde han til langt på kveld, lenge etter at gymnasiastar skulde vera komne i seng. Avisone las han etter kvart måltid. Og eit par timar om fyremiddagen stod han ved høvleбенken og arbeidde bord og senger og annan husbunad. Men eg trur han sakna frukttrei i Hardanger, og når han nemnde kyrkjelokkone i Ullensvang, kom han på gråten. Han heldt nett på med Granvin-boki dei åri, og gjekk gjennom allslags gamle dokument. I kvilestunder millom arbeidet song han sine kjære salmar og Aasen-songar. Nokon bibliofil var han ikkje, endå han var glad i bøker, og brukte so mykje pengar han tyktest kunna avsjå til bokkjøp. Boksamlingi hans var stor og på det historiske område vidfemnande.

Radt frå eg var ein neve stor, hadde eg høyrte Olafsen verta omtala av dei vaksne. Alle kjende han, han hadde vore prest her sidan 1890. Eg var ikkje stor karen då Olafsen nådde aldersgrensa og flutte til Voss i 1913; men eg hugsar han tydeleg på preikestolen, kor han strauk handi oppover nasetippen og skallen og attover håret. Det var ein vane han hadde. Og so minespelet hans! Andletet skifte ustansleg uttrykk. Nils Bergslien hadde av den grunn mykje strev då han måla det biletet som heng i sakristiet i Ullensvang-kyrkja. Men portrettet vart godt.

Olafsen var ein arbeidsmaur. Han gav ut om lag 30 bøker. Einskilde av desse, som t.d. *Ullensvang*, verkar som eit heilt livsverk åleine. Attåt dette skreiv han i mengdevis sogeartiklar i årsskriftet til Hardanger Historielag og andre tidsskrifter. Sidetalet på desse kjem vel opp i fleire tusen. Og so dreiv han Ullensvang prestegard opp til å verta eit mønsterbruk i fruktavl. Etter dette kunde ein tru at Olafsen måtte mura seg inne og koma lite i kontakt med bygdefolket. Men det var ikkje tilfelle. Tvert imot stod Olafsen i so god kontakt med folket som snautt nokon annan norsk embetsmann. I mange måtar var han ein Peter Dass-type, som det laga seg hundrevis anekdotar om, og alle desse syner eit eller anna tiltalende – og gjerne morosamt – drag ved denne store, rikt utrusta personlegdomen.

Olav Kolltveit har skildra Olafsen treffande slik: «Den som ein gong har set Olafsen, gløymer han ikkje so lett. Den vesle, samankrøkte presten som aldri gjekk, men alltid småsprang, med det morosame, rukkute andletet, den vesle oppstopparnasa, dei store, snart stirande, snart plirande augo som mest alltid lo i krørne.

Det var ikkje lett å ta Olafsen for å vera prest. Det er synd å segja at han la stor brett på å hama seg, det ytre hadde so lite å segja for han. Ein gong vart han teken for fehandlar og fekk skrubb av matrosane for at han promenerte på atterdekket og ikkje heldt seg framme i stutabåsen (og såg til krøteri sine. «Hadde de enda sagt färene!» lo Olafsen). Han såg lite på pengar når det galdt å ofra på interessone sine, han kjøpte bøker for ein formue, la store summar i gransking og bokutgjeving, skipa legat og gjorde godt i det stille, men han tykte det var fælt å leggja ut pengar til eit nytt par sko.

I grunnen minna Olafsen mest om ein gamal skodespelar i det ytre. Han hadde ein levande mimikk og eit sprudlande humør. Han var eit stemningsmenneske. Eg har aldri set nokon som kunde læ og gråta slik på same tid som Olafsen, han lo gjennom tårar og gret gjennom smil. Og Olafsen hadde temperament. Som talar kunde han flyga skalaen opp og ned frå den mest høgstemde patos til den mjukaste moll, frå djupaste ålvor til den

kåtaste skjemt. Når han var komen i stemning og var i kontakt med flokken, gav han seg inspirasjonen i vald og let hugskoti hagla om seg.»

Siste gongen eg tala med Olafsen, var den dagen han fylte 88 år. Han var då blind vorten. Eg ringde han opp i telefonen og fekk høyra røysti hans att, klår og tydeleg. Før han bad farvel, var det noko han vilde leggja meg på hjarta: «Når du skriver opp folketradisjon, skal du ha med noe godt til de gamle og gi dem. Så skal du fortelle noe interessant om noe liknende som det du vil høre om. Da får du dem til å fortelle. Du skal skrive tradisjonen opp nett slik det blir fortalt, slikt som du ikke synes er noe også. For senere skal du se at *det* kan bli verdifullt. Og ingen ting må forandres!»

Då Olafsen døydde i 1932 og 3. september 1943, hundre år etter han var fødd, synte Hardanger-folket at Olafsen budde i hjarto deira, elska og vyrd.

Det var ein haustdag fyrste gongen eg helsa på gamle Haukenæsen i heimen hans i Granvin. Han var svært elskverdig og kvik. Ei tid fyre hadde Stortinget løyvt han ei liti æresløn. Og det hadde gledt han svært. «Og ikkje ein røysta mot løyvingi!» sa han strålande. Folk tok til å skjønna på livsverket hans. Han synte meg mange manuskript, skrivne med skjelvande hand. Dei har nok aldri vorte utgjevne. Du fær eit levande inntrykk av mannen når du les bøkene hans. Og ved ein slik samtale vart dette inntrykket styrkt. Han hadde lese i bladet at Rikard Berge nett var på desse kantar, og vona inderleg at han måtte koma og lydast innom. Bøker hadde Haukenæs lite att av. Han gav meg sine *Historier og Sange* til eit minne. Seinare tala eg med han eit par gonger. Han sat attmed vegen ein 17. mai og såg på borni som gjekk med flagg. Det var siste gongen eg såg han. Han døydde om hausten. – Endå so mykje Haukenæs skreiv om seg sjølv, er ikkje boki *om* han utgjevi. Men ein gong kjem ho sikkert.

For ei 20-30 år sidan slong det Haukenæs-bøker mest på kvar gard i Ullensvang, endå det fortelst at sume gøynde seg bort «når Haukenæsen var i kjømdi. Dei vilde ikkje kjøpa ryglebøkene hans». Likevel var det etter måten mange som kjøpte når han kom, og sume

tok imot han som ein gjest. Men bøkene var ikkje innbundne, og når dei vart lesne nokre gonger, losna bladi frå einannan. Og so vart dei for stygge til å vera i lag med dei andre innbundne bøkene til husbonden, og vart skyssa opp på drengjalemmen i lag med gamle blad og Jon Flatabø-forteljingar. Og på drengjalemmen vart ikkje slike bøker lenge liv lage.

Thrond S. Haukenæs var fødd i Granvin i 1840. I yngre år var han handelsmann og dreiv hotell. Men ymse uhell kom til, og han vart innblanda i nokre konkursar i Stavanger, og miste alt han åtte i 1883. Jamvel bøkene hans vart selde. Millom dei var mange gåvebøker med dedikasjonar, t.d. frå Asbjørnsen,



Thrond S. Haukenæs

som hadde vitja han i 1870 og som Haukenæs hadde gjeve mykje folkeminneneoppskrifter. Haukenæs hadde alt store samlingar av slikt og i denne tunge tidi

fann han trøyst og von i det som skulde verta hans livsverk. Han skreiv opp folkeminne av alle slag i Hardanger-bygdene systematisk, fekk dei prenta og reiste kring heile Noreg, truleg i alle grender i landet, og selde dei. Fyrste boki kom i 1884, den siste i 1915, i alt 51 bøker. I mest 40 år ferdast han slik. Om ferdene sine har han sjølv fortalt. Då han døydde i 1922, skreiv Adolf Skramstad ein varm og skjønnsam artikkel om han i Aftenposten (2. des.), «En vandrende ridder».

Framhald i neste nummeret ...

Dikt um draumar

Av Viktor Galeski (f. 1965)

Vegger

Dauden hev ikkje skræmt meg
slik andletet skræmde meg
som såg på meg
i spegelen.

Og ikkje noko hev gjort meg
meir sorgfull
enn stegi dine
som laupte gjennom draumen min.

Gjennom vindauga,
neonreklamen HOTELL,
ukjent for kva gong,
lèt etter seg spor på veggen.

Eg mislikar
hotellrom
med speglar,
tilskipa senger
og einsame skuggar
gløymde
på veggene.

Vekkjing laurdag morgon kløkka seks

Heimlause hundar
i patriotisk humør
reiv sund stegi mine,
då dei tankefullt
trippa på snøen.
Den myrke gata
hjelper deim
halda att stegi.

Rasande dører
spring gjennom draumen.
Draumen slæper meg,
kraftlause, i ermi,
feller meg og hundar bit meg.

Og slik byrjar atter
kvar natt
mareridet mitt.

Dotter mi

I lang tid
tenkte eg på namn
åt den ufødde dotter mi.
I kveld
fordømer eg draumen
som ikkje varsla meg
i tide
at ho var forbodi
å verta fødd.

Månen

Eg fall so i tankar
at eg gløymde
lykkja mi
strama rundt halsen.
I dag tidleg
las eg i bladet
at draumane mine
hadde hengt seg
framfyre døri
til svikne lovnader.

I går var det fullmåne
og eg sa til meg sjølv:
tidi er inne
til å døy.

Um du skunda deg

Um du skunda deg,
kanskje du lukkast,
men vit,
det er ingen veg attende.
Og er veggen lang,
tek fæla draumen
eg drøymer.
Stendig
forfylgjer rædsla deg
for beini utstrødde
attmed vegen.

Skunda du deg
fyre soli
fyrst å nå dagen,
og var du tankspreidd,
vent på Tidi,
ho når deg.

*Frå makedonsk gjennom esperanto.
Umsett av Torvid M. Edvardsen.*

B



ISSN-1503-2469

Samnorsken er drepent – live samnorsken!


Av Ole Jakob Totland

Me skulde vel alle ha fenge med oss no, at samnorsken vart slegen i hel for kongshand i fjor haust, og Stortinget såg det var godt. Um me græt, er det ingileides av di me er leide for dette dråpet, men meir av di samnorsken hev lagt etter seg ein ulkeleg arv som ikkje vilde fylgja i gravi. Tiår med statleg valdsferd mot det norske skriftmålet vårt hev skapa for verkfengne sår til at det kann rettast opp med eitt eismalt sverdslag, um han er aldri so mykje konge som slær. Som han segjer det, Torolv frå Grindheim, der han ligg, hoggen ned for kongshand: «Gjævare kunne eg ikkje gjera ferda til Vallhall.»¹

Samnorsktanken var frå fyrste stundi ei baski evja som nynorsken med tidi skulde siga ned i. Eg hev ingi godord å koma med i samband med denne samnorskbolken i målsoga vår. Like vel meiner eg sjølv ordet *samnorsk* er godt, men ikkje som nemne på det me plar kalla samnorsk. Dette rotute og sprikjande samanrasket av former og skrivemåtar, kosta i hop utan nokon annan grunntanke enn at nynorsk og norsk-dansk skulde likjast mest mogeleg, høver dåleg til nemnet *samnorsk*. Det er vårt mål, høgnorsken, som er den røynelege samnorsken. Nikolaus Gjelsvik kalla i *Von og veg samnorsklina for trenevelina* med di «det er her trenevane i båe mål-læger hev lettast for å finna ei arbeidsmark som høver for dei». Det er «einskapslina på norsk folkemålsgrunn» han vil kalla «den samnorske lina i rett mein-ing». Det er Aasen-målet, høgnorsken, med sine typeformer, samnemnarar for dei norske målføri, som i sanning kann kalla seg samnorsk, ei sams målform for

heile landet.

I røyndi burde ikkje målet vårt trenga noko anna namn enn *norsk*. Når folk spyrr meg kva eg kallar denne målformi eg nyttar, plar eg svara at det er norsk. Dei dreg gjerne på smilebandet då, og eg må nemna at det òg kann kallast *høgnorsk*, *Aasen-mål* eller *klassisk nynorsk*. Skal me fyrsta hava eit anna nemne enn



Nikolaus Gjelsvik kalla samnorsklina for «trenevelina».

berre *norsk*, er ikkje desse fullgode. Ordet *Aasen-mål* knyter målet for nære opp til Ivar Aasen. Vel hev han uhorveleg stor æra for at målformi kom til, og han er den hortugaste målmannen eg veit um, men han eig ikkje målet. *Nynorsk* høver mest som eit vitskapeleg nemne til å skilja norsken i dag frå gamalnorsken. Dette ordet høyrer ikkje heime i kvardagstala. Me talar sjeldan um *nygresk*, *nyengelsk*, *nysvensk* eller dilikt, me segjer berre *gresk*, *engelsk*, *svensk* og so frametter.

Høgnorskordet er heller ikkje fullnøgjande. Det ber med seg ei mengd mistydingar. Ein kann til dømes tru at målformi einast skal nyttast til høgstil. Det er i

vissa rangt. Høgnorsken høver like godt til alle stilar, både kyrkjemål og bannskap, vitskap og ral. Elles er det ein fære for at einkvan kann tolka nemnet til at det ligg ei sjølvhevding i ordlekken *høg-*, at me meiner me med vårt mål stend høgre enn framandlenske mål og folkeslag. Ei slik mistolking er det vonleg fære som ynskjer å slutta seg til. Ho tjorer oss i bås saman med tankegods eg ikkje vil liknast med. Det nemnet som derimot kunde vera brukande, er *samnorsk*, hadde ikkje målblandarane teke ordet fyrr oss.

Tidi er ikkje mogi for å taka til oss dette nemnet, og kann henda vert ho det aldri, endå so høvelegt det er. Det er ikkje so greidt å taka attende misbruka symbol og vendingar. Me høyrer enno ingen som helsar einannan med den i og for seg trivelege helsingi «heil og sæll!», til det er ho altfor stygt medfari av nazistane. Men dersom det no i framhaldet vert ei skipelleg oppreising for målet vårt, dersom arven frå samnorsktidi fer same vegen som samnorsktanken, og målblandingi endeleg kann gløymast, so kunde me kanskje teke opp samnorskordet. Det er ein utopisk tanke, ja vel, men vart det no ein gong slik, kunde me gladleg ropa ut yverskrifti på dette stykkjet: Samnorsken er drepent – live samnorsken!

Fotmerknad

¹ Frå sogespelet *Kristkongane på Moster* av Johannes Heggland.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Postboks 49 Blindern, 0313 Oslo

Sluttordet:

Ein kjenner ikkje folk fyrr ein hev ete frukost og delt pengar med deim.

Etter Lars Bjarne Marøy